



DEN NORSKE KIRKE
Vindafjord kyrkjelege fellesråd

Årsberetning for Vindafjord kyrkjelege fellesråd 2025



Innleiing

Kyrkja i Vindafjord legg til rette for gudstenester, kyrkjelege handlingar, eit mangfald av tiltak for born og unge og mange kulturarrangement som er viktige samlingspunkt for menneske i kommunen. Som lokal kyrkje vil vi halde fram som sterk kultur- og tradisjonsberar og gjennom vårt arbeid formidle tru og håp i skiftande tider.

Fellesrådet er eit felles organ for sokna. I fellesrådet sit det representantar frå sokneråda, ein prest og ein representant frå kommunen.

Fellesrådet er eit strategisk samhandlingsorgan, både mellom sokna og for kontakten med kommunen. Fellesrådet skal sikre så gode økonomiske og administrative rammevilkår som mogleg, slik at sokna kan løyse oppgåvene sine på ein tilfredstillande måte.

Fellesrådet sine oppgåver er mellom anna knytt til å leggja til rette for gudstenester og kyrkjelege handlingar i sokna, til drift og vedlikehald av kyrkjebygg og ved å stilla stillingsressursar til disposisjon.

I samsvar med trossamfunnslova §14 har kommunen eit finansielt ansvar for kyrkja:

«Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.»

Kyrkjeleg fellesråd har i Vindafjord ansvar som gravplass-styresmakt for alle som vert gravlagd uavhengig av trus- og livssyn. Som offentleg gravplassstyresmakt er kyrkjeleg fellesråd ansvarlig for opparbeiding, drift og utvikling av gravplassane i kommunen.

Gravplassloven §3 seier:

«Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen. Soknet fremmer budsjettforslag for kommunen så fremt statsforvalteren ikke har fastsatt at ansvaret som lokal gravplassmyndighet etter loven skal ligge til kommunen.»

Fellesrådet foreslår budsjett for kommunen som så gjev løyvingar til fellesrådet til å løysa sine oppgåver. Fellesrådet er sjølv ansvarleg for bruk og prioritering av tildelte midlar.

Økonomi

Årsrekneskap 2025 Vindafjord kyrkjelege fellesråd

Driftsrekneskapen

Rekneskapsskjema - Driftsrekneskapen	Rekneskap	Reg. budsjett	Rekneskap i fjor
<i>Inntekter:</i>			
Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter	1 220 852,72	1 370 000,00	1 147 760,90
Refusjonar/overføringar	1 569 060,20	1 100 000,00	3 007 020,79
Kalk. inntekt ved komm. tenesteytingsavtale	495 000,00	495 000,00	456 600,00
Statlege tilskot	-	840 000,00	-
Tilskot frå rettssubjektet Den norske kyrkje	876 537,00	-	842 000,00
Rammeoverføring/tilskot frå eigen kommune	7 015 000,00	7 015 000,00	7 458 000,00
Tilskot frå soknet sine organ	-	-	14 673,25
Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	319 203,71	180 000,00	192 763,71
Sum driftsinntekter	11 495 653,63	11 000 000,00	13 118 818,65
<i>Utgifter:</i>			
Løn og sosiale utgifter	5 460 157,37	5 859 410,00	5 367 388,83
Kjøp av varer og tenester	5 222 807,29	4 055 590,00	6 107 066,37
Refusjonar/overføringar	1 055 222,96	800 000,00	1 222 234,24
Kalk. utg. ved komm. tenesteytingsavtale	495 000,00	495 000,00	456 600,00
Tilskot og gåver	-	-	-
Sum driftsutgifter:	12 233 187,62	11 210 000,00	13 153 289,44
Brutto driftsresultat:	-737 533,99	-210 000,00	-34 470,79
<i>Finansinntekter:</i>			
Renteinntekter og utbytte	138 460,00	110 000,00	114 976,00
Renteutgifter og låneomkostn.	154,17		
Netto finansinntekter/-utgifter	138 305,83	110 000,00	114 976,00
Avskrivningar	- 992 885,56	-	-955 868,81
Motpost avskrivningar	992 885,56	-	955 868,81
Netto driftsresultat	-599 228,16	-100 000,00	80 505,21
<i>Interne finansieringstransaksjonar:</i>			
Bruk av udisponert frå tidl. År (mindreforbruk)	-	-	-
Bruk av ubundne fond	100 000,00	100 000,00	919 604,00
Bruk av bundne fond	43 500,00	-	348 960,93
Sum bruk av avsetningar	143 500,00	100 000,00	1 268 564,93
Avsett til dekning frå tidligere år (underskudd)	-	-	919 604,00
Avsett til disposisjonsfond	-	-	152 166,00
Avsett til bunde fond	44 587,91	-	213 447,00
Overført til investeringsrekneskapen	-	-	-
Sum avsetningar	44 587,91	-	1 285 217,00
MEIRFORBRUK / MINDREFORBRUK	-500 316,07	-	63 853,14

Balanserekneskapen

<i>BALANSE</i>	<i>Rekneskap (år t)</i>	<i>Rekneskap (år t – 1)</i>
<i>EIGENDELAR:</i>		
Anleggsmidler	34 394 542,32	35 260 673,86
Varige driftsmidler	34 114 130,32	35 007 890,86
Faste eiendommar og anlegg	33 824 130,32	30 992 766,57
Utstyr, maskinar og transportmidlar	290 000,00	4 015 124,29
Utlån	0	0
Aksjar og andelar	280 412,00	252 783,00
Omløpsmidler	3 024 512,73	3 592 756,11
Kortsiktige fordringar	1 141 675,78	1 505 810,00
Aksjar og andelar	0	0
Sertifikat	0	0
Obligasjonar	0	0
Kasse, bankinnskot	1 882 836,95	2 086 946,11
SUM EIGENDELAR:	37 419 055,05	38 853 429,97
<i>EIGENKAPITAL OG GJELD:</i>		
Eigenkapital	35 973 560,27	37 467 957,99
Eigenkapital drift	1 607 645,97	2 255 626,13
Disposisjonsfond	1 262 992,75	1 311 227,81
Bundne driftsfond	845 378,29	880 545,18
Ubundne investeringsfond	0	0
Bundne investeringsfond	0	0
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0	0
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0	0
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-500 725,07	63853,14
Rekneskapsmessig meirforbruk	-600 326,03	
Udisponert i investeringsrekneskapen	0	0
Udekket i investeringsrekneskapen	-28 629,00	-48 343,00
Kapitalkonto	34 394 543,30	35 260 674,86
<i>Gjeld</i>	0	0
Langsiktig gjeld	0	0
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	0	0
Kortsiktig gjeld	1 445 085,78	1 385 471,98
Kassekredittlån	0	0
Annen kortsiktig gjeld	1 445 085,78	1 385 471,98
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL:	37 418 646,05	38 853 429,97
Memoriakonti	0	0
Ubrukte lånemidler	0	0
Andre memoriakonti	0	0

Medlemmer

Fellesrådet har dette året vore samansett slik:

*Steinar Sørhus, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd leiar

*Dag Tormod Milje – geistleg representant, nestleiar

Arne Tveit, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd

Harald Olav Stuhaug, Sandeid sokneråd

Bjørghild Vetrhus, Vikedal sokneråd

*Karianne Dagsland, Skjold Vats og Vikebygd sokneråd,

Ola Alne, Ølen og Bjoa sokneråd

Lars Skipevåg, Imsland sokn

*Asle Dagsland, Vindafjord kommune

Medlemmer merka med * er med i arbeidsutvalet – AU.

Kyrkjeverja er sekretær for fellesrådet. Rådet har hatt 6 møter og handsama 36 saker. I tillegg har det i forkant av Fellesrådsmøta vore AU-møte. (arbeidsutval)

Både leiar og nestleiar tok gjenval for 2026 på møtet i november.

Døme på saker:

Tilsetting av ny kyrkjeverje

Samanslåing Vindafjord kyrkjelege fellesråd og Tysvær kyrkjelege fellesråd

Ny gudstenesteforordning

Forskjellige vedlikehaldstiltak

Overgang frå IKT Etne/Vindafjord til Kirkepartner

Kyrkjene:

Bjoa kyrkje

Fiksa lekkasje tak

Ølen kyrkje

Ferdig oppussing av sakrestiene

Planlagt overbygg over inngongsdøra

Sandeid kyrkje

Planlagt å skifte kledning tårn

Vikedal kyrkje

Investert i nye dører

Imsland kyrkje

Universal utforming ferdig

Skjold kyrkje

Oppussing av gong i kjellaren

Utvendig vask

Vikebygd kyrkje

Vask utvendig

Oppussing av kjøkken er planlagt

Vats kyrkje

Godkjente planar for universell utforming
Planlegging av Minnelund

Kyrkjegardane

Fellesrådet har eit godt samarbeid med firmaet som opnar og lukkar graver/urnenedsetting, og firmaet som klypper graset. Dei gjer godt arbeid og er fleksible og løysningsorienterte i arbeidet sitt.

Det er satt i gong prosessen med å fornya gravplass-vedtektene.

Det har ikkje skjedd noko frå kommunen si side når det gjeld Ølen kyrkjegard

Det er heller ikkje gjort noko med den nye delen av kyrkjegarden i Vikedal

Antal gravferder i Vindafjord i 2025 var 68 stk.

Festeavgifta er fortsatt 250,-.

Prisane for kistegravlegging / bisettelse-urnenedsetting av personar busett utanfor kommunen blir satt opp i 2026.

Personell

Staben:

Prestar:	Elisabeth Fauskanger 100% stilling Eli Kolstad 100% Åse Selsvold 100%
Kateket:	Britt Karstensen 80%
Kyrkjelydspedagogar:	Ester L Åsheim 50% Berit Stople 45% + 25% kyrkjetenar
Kyrkjetenarar:	Dag Nagel-Alne 20% Arild Urdal 37%
Organist:	Solveig M Johannessen 100%
Kontormedarbeidar:	Tove Vaka 60%
Kyrkjevevje:	Grethe Halvorsen 100%

Prestane har fått ein felles møtestad på kontoret i Skjold kyrkje. Dei fleste tilsette er innom og har møte eller sit og jobbar der. Me har hatt personalmøte kvar månad. Kontoret blir og brukt av kyrkjelydspedagogar og organistar.

Per 31.12 er det 3 ledige stillingar som kyrkjetenar, eit vikariat som kyrkjelydspedagog og ein deltidstilling som organist/kyrkjemusikar.

Grunna dette har me måtte bruke mange vikarar.

I oktober måtte Fellesrådet bytte IKT-leverandør, frå Vindafjord kommune til Kirkepartner. Det har ført til meirkostnader.

FUT

FUT er eit forum for drøfting av trusopplæringsarbeid, som skal vera til nytte både for sokneråd, prestar og kyrkjelydspedagogar.

Saker dei har jobba med:

Drøfting av finansiering

Endringar i trusopplæringsmateriell

Arrangering av samlingar

Orientering og oppdatering på dei ulike breiddetiltaka

Hyrdingen

Kyrkjebladet Hyrdingen har gitt ut 4 nummer i 2025. Statistikk viser at 48% av befolkninga i Noreg mottok eit kyrkjeblad, og dei fleste les i det. Dette er kanskje den viktigaste formidlingskanalen me har i kyrkja. Bladet har med gode og aktuelle tekstar og mykje bilete, som er viktig. Mange seier og at der dei ser etter gudstenestelista og info om møter og arrangement er i Hyrdingen.

Hyrding har, etter gode innspel frå sokna, fått fleire medarbeidarar. Steinar Skartland er framleis redaktør. Rekneskapet: ca 12 000 i pluss.

Pågåande saker:

Samanslåing

Det har i 2025 vore jobba med å sjå på ein samanslåing mellom Vindafjord kyrkjelege fellesråd og Tysvær kyrkjelege fellesråd.

Prosjektsekretær Øyvind Valen har jobba saman med kyrkjevevjerne, og det har blitt oppretta ei Fellesnemd for begge fellesråda, og Medverknadsorgan for dei tilsette.

Ein har og hatt møter med økonomisjefane og kommunaldirektørane i begge kommunane, Fellesråda har blitt einige om korleis representasjonen skal vera i eit evt felles fellesråd.

Planen er at i juni 2026 skal fellesråda ta ei endeleg avgjersle på om dei vil slå seg i saman.

Minnelund på gravplassen i Vats

Det er teikna og sendt inn søknad om å få lage ein namna Minnelund i Vats. Den skal finansierast av ein anonym gåve.

Samanslåing av sokneråd

Imsland og Vikedal er i tenkeboksen om dei skal slå seg saman til eit sokn/sokneråd.

Likestilling

I fellesrådet er det med 2 kvinner og 7 menn.

Når det gjeld tilsette i Fellesrådet er det per i dag 6 kvinner og 2 menn, utanom prestane som alle er kvinner.

Det er ikkje iverksatt likestillingstiltak, då begge kjønn er representerte.